

Bautasteinen i Selsøy

Avtale om endring av egedomsrett mellom

Austrheim kommune og Neptun Seniorklubb.

Den 8. mai 2022 vart det avduka ein stor bautastein på Selsøy.

På steinen er det frest inn ni portrett av dei tre agentane som opererte lytte og radiostasjonen RISOR II, og seks av dei mest sentrale hjelparane deira.

Desse portretta er vederlagsfritt mala av kunstnaren Vebjørn Sand, ført over på dataprogram hjå Sæthre Stenindustri i Arna, for deretter å verta prikkhogd inn i svart blankpolert granitt.

Dette er ikkje berre ein bautastein, men eit eineståande kunstverk til minne om dei som kvar dag sette livet på spel for eit fritt og godt Norge

Neptun Seniorklubb har stått føre alt arbeid og kostnad for å få dette til, og me er oppriktig stolt av resultatet, men me er også svært opptatt av å sikra bautasteinen inn i framtida.

Det er langt frå sikkert at Neptun Seniorklubb vil eksistere i generasjonar framover, og det same gjeld kanskje for avtalen mellom kommunen og framtidige grunneigarar.

Bygningsmassen m.m. er teken vare på i avtalen mellom kommunen og noverande grunneigar, men bautasteinen er så prektig og viktig at den treng eigen avtale om varig vern.

Så lenge Neptun Seniorklubb kan fortsette med den fine tradisjonen med 8. mai markering i Selsøy, vil klubben sjølv sagt halde fram med vedlikehaldet av anlegget, inkludert bautasteinen.

Me har diskutert dette grundig både i medlems og styremøte, og avgjerda er einstemmig.

Me vil overdrage egedomsretten til Austrheim kommune.

Den endelege konklusjonen vert då slik:

Frå og med 15. oktober 2023 overfører me egedomsretten over bautaen RISOR II frå Neptun Seniorklubb til Austrheim kommune.

Overføringa er vederlagsfri.

Idar Hopland

Leiar Neptun Seniorklubb